



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
27.03.2015
Dykkar dato
15.01.2015

Vår referanse
2015/765 561
Dykkar referanse
13/300315

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fylkesmannen rår frå bygging av Boge 3 kraftverk

Utbyggingsområdet ligg over tregrensa i ein sårbar og verdifull høgfjellsnatur. Utbygginga vil påverke landskaps- og opplevingsverdiar negativt. Fylkesmannen viser til samla belastning i området og rår frå prosjektet.

Søknad om bygging av Boge 3 kraftverk er på høyring parallelt med ein pakke på seks småkraftverk i Vaksdal og Voss. Vi viser og til dei andre utbyggingsprosjekta i Kvam, Samnanger, Fusa og Voss som tidlegare har vore på høyring. Det er viktig å sjå desse i samanheng når man skal vurdere om det er rom for ytterlegare kraftutbygging i denne regionen.

Mange av prosjekta ligg innafor delområde Samnanger-Vaksdal, jf. fylkesdelplan for små vasskraft i Hordaland. I planen er det utarbeidd retningslinjer for vurdering av utbyggingssøknader, ut frå verdsetting av områda, mellom anna som fjordlandskap, sårbart høgfjell og regional friluftsinnteresser.

Eksisterande og nye inngrep

Det er planlagt å nytte Krosstjørna og Svartavatn til kraftproduksjon i Boge vassdraget. Vatna er i dag regulerte. Reguleringa i Krosstjørna er i dag mellom HRV 764, 5 og LRV 763,5. Vatnet gjekk tidlegare til Svartavatn, med går i dag i Boge vassdraget, som del av vassforsyninga.

Svartavatn er i dag regulert mellom HRV 751 m LRV 744 m. Elva frå vatnet har ikkje hatt naturleg vassføring dei siste 30 år. I dag går det restvassføring om sommaren i Austmannagjelet i Vaksdalsvassdraget der det vert nytta i Ardalen og Møllen kraftverk. Bygging av Boge 3 vil redusere produksjonen her med 2,1 GWh

Bogevatn har i dag inntaksarrangement til Boge 2, og er regulert mellom HRV 371,6 og LRV 467,6. Boge 1 har inntak ved kraftstasjonen til Boge 2, der det går veg opp til område for drikkevassforsyning. Vegen er om lag 2 km.

I planar for Boge 3 vil ein byggje ny kraftstasjon ved austenden av Bogevatnet, 474 moh. Overføringa mellom Krosstjørna og Svartavatn vil skje ved å nytte eksisterande kanal. Vassvegen blir borehol opp til Svartavatn, om lag 2100 m langt, med 20 m nedgrave røyrgate og samla fallhøgde på 277 m. Inntaket vil liggje under LRV. Det er planlagt 750 m ny veg,

frå enden av dagens anleggsveg opp til Bogevatnet. Den vil deretter følge vasskanten langs vest- og nordsida fram til stasjonsområdet. Ved fullt Bogevatn vil vegen bli liggjande under vatn. Det er ikkje behov for massetak eller deponi, da overskotsmassar blir nytta i røyrгатetraseen. Det er planlagt minstevassføring på 10 l/s delt på 6,5 l/s i Vaksdalsvassdraget og 3,5 l/s i Bogevasdraget.

Planlagt overføring vil auke produksjonen i eksisterande kraftverk Boge 1 og Boge 2. Netto produksjonsauke av tiltaket er 4,92 GWh.

Bogevatn som drikkevasskjelde skal på sikt gå over til å vere reservevasskjelde.

Søkjer sin vurdering av konsekvensar

Krosstjørna ligg i kupert fjellterreng, med ein markert foss som kjem ned Fossadalen ved Bogevatnet. Prosjektet vil særleg påverke dette landskapsrommet og landskapet i Austmannagjelet. Prosjektet vil føre til relativt stor reduksjon i vassføringa på regulerte elvestrekningar, også med planlagt minstevassføring. Dynamikken i vassdraga vil bli mindre.

Det er smålom i Krosstjørnane, men det er uvisst om området vert nytta til hekking. Søkjar meiner at konsekvensane for terrestrisk miljø, akvatisk miljø, landskap og INON er *liten - middel* negativ.

Prosjektet vil ikkje endre status for inngrepsfrie naturområde. Søkjar meiner at området er lite nytta i samband med friluftsliv. Samla konsekvensar for alle tema er sett til *liten negativ*.

Fylkesmannen si vurdering

Bygging av Boge 3 må sjåast i samanheng med eksisterande kraftverk i Vaksdalsvassdraget, der det i dag ikkje er krav om minstevassføring. Ny utbygging i Boge må ikkje føre til skade på naturverdiar i Vaksdalsvassdraget.

Utbyggingsområdet ligg over tregrensa, i sårbart høgfjell, jf. fylkesdelplanen. Utbygginga vil endre dagens vassføringsmønster og reguleringsregime. Endringane vil bli synleg ved Krosstjørna, då desse er relativt grunne. Fråfall av vatnet i fossen ned Fossadalen vil redusere opplevingsverdiane i dalføret. Området vert nytta ein del i samband med friluftsliv. Det går turstiar i området frå Herfindal til Blåfjell. Vegen langs Bogavatnet vil vere synleg når vasstanden er lågare enn HRV, og vil i denne situasjonen framstå som eit skjemmande inngrep.

Verknadene av ny regulering kan bli skjemmande også ved Svartevatn og vassføringa til Herfindal. Vi meiner at planlagt minstevassføring i Vaksdalsvassdraget ikkje er tilstrekkeleg til å ivareta omsyn til landskapet. Området ved Lonane har stor verdi i friluftssamanheng, og det går T-merka rute frå Herfindal til turlagshytta Høgabu. Det er viktig å sjå dette prosjektet i samanheng med BKK sine planar om overføring av øvre del av Vaksdalsvassdraget til Samnanger. Området er tidlegare fråført ein stor del av vassføringa.

Utbygger ser ikkje på samla belastning for landskap og friluftsliv i sine vurderingar av konfliktnivå. Dette fører til at konflikten med desse verdiane blir undervurdert.

Konklusjon

Fylkesmannen viser at Boge 3 er planlagt i eit område med sårbar høgfjellsnatur. Utbygginga vil påverke landskaps- og opplevingsverdiar negativt både langs Bogevasdraget og Vaksdalsvassdraget. Samla belastning på friluftsliv og vassdragsnatur i Boge- og Vaksdalsvassdraget er i dag svært høg. Fylkesmannen rår frå prosjektet.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Vaksdal kommune

Postboks 7900

Postboks 5672 Sluppen

Tverrgt. 4/6

Konsul Jebsensgate 16

5020 Bergen

7485 TRONDHEIM

5017 BERGEN

5722 Dalekvam